

Vedlagt ligg forslag til strekningar på fylkesveg som har behov for utbetring. To av tiltaka er kostnadsberekna og kommunen kan søkje om tilskotsmidlar for utbetring av fylkesvegar i Lindås kommune. Resten av tiltaka kan verte klare til eit seinare høve dersom Lindås kommune vedtek å investere i prosjektering av desse tiltaka.

Utbetring av fylkesvegar

Forslag til tiltak Lindås kommune kan søkje tilskotsmidlar til, for utbetring av fylkesvegar i kommunen.

Tiltak som er kostnadsberekna og som ein raskt kan sende inn søknad om tilskotsmidlar til.

Denne delen omhandlar 2 tiltak som allereie er kostnadsberekna og som raskt kan puttast inn i søknadsskjema om tilskotsmidlar til punktutbetring av fylkesvegar.

Når det gjeld utbygging i Helleåsen ved utbyggjarar Apalen Sør AS og Hjelmåsen AS, har dei tidlegare vore villig til gå inn med midlar for å få på plass fortau/gs-veg. Det må gjerast ei rask avklaring med desse utbyggjarane, om evt. dekning av restbeløpet, dersom ein skal søkje om 4 millionar til prosjektet.

FV 402 – Lurevegen

Strekninga Seim skule – Strilatun

(Kostnadsoverslag kr. 2.950.000,-)

Her er det fleire forhold i reguleringsplanen som ikkje er på plass.

Det manglar fortau på delar av strekninga og nokre plassar er det ikkje bygd i forhold til krava.

Ing. Stein Hallgren har levert eit kostnadsoverslag på å forlenge fortauet opp til Strilatun.


Her er ein del utfordringar med tanke på sprenging nær bolighus, fyllingar mot tomter på oversida av vegen, murar som må på plass, overvatn, planlagt framtidig kryssutbetring etc. I tillegg er det avtalar om areal langs vegen.

Lengde på strekning som manglar fortau her er på ca. 200m.

Her foreslår ein å søkje om midlar til å få på plass fortau mot Strilatun.

Det må søkjast om dispensasjon frå vegutvidinga i reguleringsplanen langs fylkesvegen og byggje fortau.

Det vil bli søkt om kr. 4.000.000,- til etablering av fortau og bygging / sikring av murar, håndtere overvatn og liknande for strekninga. Skulle det verte pengar att i budsjettet, kan det synleggjerast at desse vert nytta vidare utover Lurevegen.



FV391 Leknesvegen – fortau / gang-/sykkelveg mellom Kleivdalsvegen og Apalen (Kostnadsoverslag kr. 11.850.000,-)

Dette er ein vegstubb kor det er stopp i utbygging av bustadfelt i Helleråsen, før utbetring med gangareal. Strekninga ligg inne som kategori 1 veg i analyserapport for «særleg farleg og vanskeleg skuleveg», med rett til skuleskys ved søknad.

Vegen er smal og bratt. Detaljprosjektering er utført og kostnadsberekna av Haugen vva, på oppdrag frå utbyggjar Apalen Sør AS og Hjelmåsen AS.

Det er foreslått at kommunen går inn for å søkje 4 millionar til dette strekket og at det må avtalast at desse midlane går inn i eit spleiselag med utbyggjarane.

Avtale med Apalen Sør AS og Hjelmåsen AS om dekning av restbeløp i forkant av søknad er avgjerande.



Tiltak som kan verte klar til framtidige tilskotsordningar eller om andre midlar dukkar opp.

Tiltaka som er lista opp under kan, om det vert investert i prosjektering av desse delstrekka, bli klar for framtidige tilskotsordningar. Ligg prosjekteringa ferdig, har kommunen gode kort å forhandle med dersom det skulle dukke opp framtidige midlar.

FV 404 – fortau / gang-/ sykkelveg Kvamsliane / «Kvamsbrekko»

Dette er ein høgtrafikkert skuleveg som er svært smal og bratt. I analyserapport for særleg farleg skuleveg har denne fått kategori 1, «særleg farleg og vanskeleg skuleveg» med rett til skuleskys ved søknad.

På dette strekket har gjeldande reguleringsplan (detaljregulering), «Fv 404 Parsell Kvamme - til kryss ved veg til Fossevatnet». Plan vedteken 08.07.2016.


Tilbakemelding frå Fylkeskommunen er at midlane er tenkt til fysiske tiltak som skal vere ferdigstilt seinast 2018.

Kvamsliane /«Kvamsbrekko» er ikkje detaljprosjektert.

Administrasjonen sitt forslag er at Lindås kommune går inn og investerer midlar til detaljprosjektering av delstrekninga Kvamsliane / «Kvamsbrekko».

Strekning er på ca. 400m.

Grovestimert kostnadsoverslag for anleggsarbeid mellom eksisterande gang-/sykkelveg og butikken ligg på over kroner 25 millionar. Ikkje mogleg å stenge veg over lengre tid på dagtid.





FV 401 fortau / gang-/sykkelveg Kleivane på Seim

På denne strekninga er det svært smalt og vanskelege forhold både for mjuke trafikkantar og køyretøy. Strekninga ligg inne i analyserapport for særleg farleg skuleveg med kategori 1, «særleg farleg og vanskeleg skuleveg» med rett til skuleskyss ved søknad.

Det verste strekket er frå brua og opp til avkøyringa til Hønsedalen. Dette strekket er på ca. 300m. For å få ein samanhengande gangveg til skulen, vil det vere fornuftig å starte i krysset ved Lurevegen. Strekninga vert då ca. 400m.

Det er mange born som nyttar denne vegen som skuleveg. Med bakgrunn i mange bekymringsmeldingar var Statens vegvesen og representantar frå Lindås kommune på synfaring i mars 2012. I september 2012 fekk Lindås kommune tilsendt eit forprosjekt kor 3 ulike løysingar var skissert. Løysingane er ikkje kostnadsberekna.

Denne strekninga er ikkje regulert og ein er avheng av regulering og/eller grunnavståing frå grunneigarane.




FV 397 – fortau / gang-/sykkelveg mellom E39 og Eikanger skule

Fleire smale parti på denne strekninga, kor det er behov for fortau / gang-/ sykkelveg. Strekninga frå gangsystemet frå E39 og opp til skulen er ca. 500m.

Dette strekket er ikkje på reguleringsplan og det er pr. i dag ikkje laga nokon rapport her. Det er likevel mange bekymringsmeldingar knytta til denne skulevegen. Vegen er kategori 2 veg etter analysen for «særleg farleg og vanskeleg skuleveg».

Denne strekninga er ikkje regulert og ein er avheng av regulering og /eller grunnavståing frå grunneigarane.



FV 402 Lurevegen

Punktutbetring på strekninga Seim - Feste

Dette er ei lang strekning på rundt 13,2 km.



I 2011 fekk Ing. Stein Hallgren i oppdrag å lage ein rapport over utsette punkt kor lokale krefter hadde sett krav om utbetring. Rapporten kom fram til ei rekkje punkt langs FV402 som hadde behov for siktutbetring og kantsikring.

I 2016 fekk Lindås kommune midlar til utbetring av fyrste punkt i rapporten. Det vart då siktutbetra ei strekning på rundt 100m, sør for Stokke bru. Dette var det punktet som låg nærmast Seim skule.

Det er behov for fleire punktutbetringar langs denne vegen.

Neste punkt ligg like etter Fiskeset og gjeld både siktutbetring og skogrydding.

Denne strekninga er ikkje regulert og ein er avheng av regulering og/eller grunnavståing frå grunneigarane.



FV 393 – samanhengande fortau / gang-/sykkelveg i «Lindsdalen» (Ostereidet)

Mellom den kommunale delen av Eidavegen og E39 er det bratt og smalt. Her manglar ein bit gangveg for å betre skuleveg. Det verste partiet er på rundt 300m.

Her pågår arbeid med reguleringsplan, «Områdereguleringsplan for Ostereidet sentrum». På utkast til arealplankart ligg bl.a. denne strekninga inne med fortau/gangveg.

